

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Inger Handegård
Arkivsaksnr.: 19/169

Arkiv: PLAN L12

Reguleringsplan Solvorn kyrkje – Plan-ID 2016001 1. gongs handsaming

Rådmannen si tilråding:

I samsvar med PBL §12 - 10 vedtek Plan - og forvaltningsutvalet å leggje framlegg til reguleringsplan Solvorn kyrkje, plan-ID 2016001 , datert 18.05.2020, ut til offentleg ettersyn.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Plankart datert 18.05.2020
Planomtale med ROS-analyse datert 18.05.2020
Føresegner datert 18.05.2020

Uprenta vedlegg: Innkomne innspel og merknader til planoppstart
Rapport frå kulturminneregistrering 15.10.2019
Trafikkanalyse for Solvorn 05.12.2019

Samandrag:

Formålet med planen er å etablere universelt utforma tilkomst til Solvorn kyrkje og betra parkeringskapasiteten i Solvorn. Arbeidet med planen er i samsvar med Luster kommune sitt planleggingsprogram frå 2019. Deler av planområdet er tidlegare regulert gjennom reguleringsplan for Løteigane frå 1986. Området for ny parkeringsplass er ikkje regulert tidlegare, men ligg som parkeringsplass i kommuneplanen sin arealdel frå 2019. Planen er i samsvar med trafikkanalyse for Solvorn.

Det vart varsla oppstart av planarbeid for eit større område rundt kyrkja den 25.01.2019. Dette for å kunne arbeide med to alternative løysingar for tilkomst til kyrkja. Planområdet vart raskt redusert i samsvar med ynskja til grunneigar, slik at planområdet no samsvarar med kommuneplanen. Det kom sju innspel etter varsel om oppstart av planarbeidet. Planen er utarbeida av Luster kommune.

Utval som har vedtaksmynde:

Plan - og forvaltningsutvalet, jf. reglane i § 12-10 i plan- og bygningslova og kommunen sitt politiske delegeringsreglement.

Fakta:

Solvorn kyrkje er den største kyrkja i Luster kommune og den har ikkje universelt utforma tilkomst. Det er fleire meter høgdeskilnad frå vegen til inngangen til kyrkja, slik at det må gjerast tiltak både i terrenget rundt kyrkja og på sjølve inngangspartiet for å få ein tilkomst som rullestolbrukarar kan nytta og som ein kan nytta ved bæring av kister.

Om sommaren har Solvorn eit stort problem med å kunne tilby nok parkeringsplassar for fastbuande, for dei med fritidshus i området, for badegjester som brukar badestranda og tilreisande som er på veg over til Urnes stavkyrkje. Parkeringssituasjonen i Solvorn har vore omtala som kaotisk i sommarmånadene. Eksisterande parkeringsplass ved kyrkja og skuleplassen har vore nytte som avlastande parkeringsplass i skuleferien. Det er etablert ballbinge og ny sykkelløype rundt heile skuleplassen og sykkelløypa vert nytta uansett om skulen er open eller ikkje. Det er difor ønskjeleg å få mesteparten av parkeringa til andre føremål vekk frå skuleområdet.

Arbeidet med planen er i samsvar med Luster kommune sitt planleggingsprogram frå 2019. Kyrkja, gravplassen, eksisterande parkeringsplass og vegen mellom kyrkja og parkeringsplassen er tidlegare regulert gjennom reguleringsplan for Løteigane frå 1986. Området for ny parkeringsplass er ikkje regulert tidlegare, men ligg som parkeringsplass i kommuneplanen sin arealdel frå 2019. Det vart i 2019 utarbeida trafikkanalyse for Solvorn og planframlegget er i samsvar med denne.

Arbeidet med planen er i samsvar med ynskjer og behov spelt inn av kyrkjeverjen. Luster kommune varsla oppstart av planarbeidet 25.01.2019. Det vart varsla oppstart for eit større område rundt kyrkja enn det kommuneplanen viser for å kunne arbeide med to alternative løysingar for tilkomst til kyrkja. I samband med oppstart av planarbeidet hadde Luster kommune ved plan møte med grunneigar. Etter ynskje frå grunneigar vart det arbeida vidare

med parkeringsplass på sørsida av kyrkja. Planområdet vart redusert slik at det samsvarar med kommuneplanen og det vart gjort arkeologiske grunnundersøkingar i dette området.

Det kom sju innspel etter varsel om oppstart av planarbeidet. Alle innspela er lista opp og vurdert i planomtalen. Alle innspela er i alt vesentleg innarbeida i planframlegget.

For grunneigar er det viktig med ei god arrondering mot attverande jordbruksareal og at eksisterande bekk kan nyttast som drikkevatn for husdyr på beite. For kyrkja er det viktig med universell tilkomst og estetisk gode løysingar. Det er rasfare i området, flaumskred, og dette må også takast omsyn til ved utforming av ny parkeringsplass. Ny parkeringsplass må detaljprosjekterast før bygging.

Vurdering:

Planutkastet er utarbeida i samsvar med gjeldande kommuneplan, tidlegare planar for området og trafikkanalyse for Solvorn. Når ny parkeringsplan er etablert vil den både gi universelt utforma tilgjenge til kyrkja og kunne avlaste sentrumsområdet når det gjeld parkeringskapasitet. Alle innspela til planarbeidet er innarbeida i plankart og/eller føresegner.

Etter rådmannen si vurdering er reguleringsplanframlegget utforma og fremja i samsvar med reglane i kapittel 12 i Plan- og bygningslova. I samsvar med reglane i § 12-10 i lova vert det rådd til at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Dato: 18.05.2020

Jarle Skartun
rådmann

Knut Vidar Svanheld
Plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: